



HAMMAR
KAMERATANE AS

Org nr: 983 09 1539 MVA
Hella 60
5936 Manger
Mob Marius: 995 46 989
Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Klage på avslag til deling.

Viser til dykkar referanse: 15/2251 - 16/172

Når det gjeld drifts- eller miljømessige ulemper.

Det vart først diskutert å skilje ut ein tomt ved sida av bustaden på garden, dette ville ført til att ein tok av den beste slåttemarka på bruket.

Derfor blei det bestemt att ein skulle søkje om å skilje ut ein tomt der saka no gjeld.

Nettopp for å hindre att det skal verte ulemper for eventuell framtidig gardsdrift.

Per dags dato vert markane framom den planlagde tomta slått av Kjetil Soltveit.

Bak tomta og vidare aust er det beite, nytta av Thomas Risnes til sauar.

Elles er bruket 22/1 ein relativt liten gard på berre 59,6 daa totalt, det har ikkje vore drift på garden på mange år, såleis er løe og andre bygningar berekna på drift utdaterte.

Så om det i framtida skulle verte drift på garden igjen vil det etter all sannsynleg heit ikkje dreie seg om storfe grunna driftsbygningane og storleiken på bruket, men kanskje mogleg sauehald.

Det er såleis svært lite sannsynleg att det vert møkkaspreiing nær bustaden.

Bustaden vil ligge en del høgare i terrenget enn jordbruksarealet aust for tomta, kan derfor ikkje sjå att dette beitet skal vere til sjenanse for eigar.

Det att bustaden vil liggje høgare, fører og til meir naturleg skilje for den nye tomta.

Det vert nemnt att folk frå Risnes krins ynskjer å få fleire busette og att landbruksmynda er positiv til dette.

Samstundes vert det referert til kommunedelplan for Bø.

Denne planen er framleis berre til 1. gongs høyring og talar derfor ikkje for styrking av busetting i det heile, per dags dato.

Om den så hadde vore godkjent, ville det framleis ikkje styrka busetting i nabokrinsen Risnes, der det ikkje er, så vidt eg veit, planlagt noko utbygging.

Som det er på det opne marknaden no, kan ein rett og slett ikkje verken byggje eller kjøpe bustad på Risnes eller på Bø for den saks skyld.

Noko som er ganske trist.

Når ein ser på krinsen i sin heilheit, er det frå Grandatun til Risnes skule, på begge sider av vegen enten utbygd eller dyrka mark.

Med tanke på att stort sett alle bruka er lange og smale, vil samtlige komme i akkurat same situasjon som her i forhold til att det er dyrka mark i nært vegen der driftsbygningane ligg og beite lenger aust eller vest.

Dette fører til att det ikkje vert mogeleg å byggje ut utan å stykke opp LNF område dersom ein skal ta omsyn til framtidig bruk og ikkje ta av beste slåttemark.

Og med dette utgangspunktet kan ein ikkje seie att landbruksmynde er positiv til utbygging i denne krinsen når same argumenta gjeld nesten alle bruk i området.



HAMMAR
KAMERATANE AS

Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989

Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Att eit argument som kan stoppe ein ny heilårs bustad i bygda skal vere att det i framtida er mogleg att nokon kjøper ein bustad midt i eit landbruksområde, som mogleg lar seg sjenere av lukt eller støy frå landbruket og som mogleg derfor lagar konflikt for drifta, er vage greier. Snarare tvert om kan det hende att det vert tilflyttarar som bryr seg om landbruket generelt, og som ynskjer å hjelpe eigar av hovudbruket til å bevare landbrukstomta, spesielt no då det ikkje er drift og det gror igjen, må det vere veldig aktuelt med alternative måtar å halde jorda.

Det er i alles interesse å ivareta landbrukseigedomens funksjon for framtida. Men det er og i alles interesse å auke tilflytting til krinsen.

Denne saka dreiar seg om ein tomt oppå ein knaus som aldri har vore eller vil verte nytta til verken beite eller dyrka mark.

Som vil føre til opprusta traktorveg og opprusta innkjørsle som vil lettare gjere eventuell framtidig gardsdrift.

Knausen ligg mellom dyrka mark og beite, noko som allereie gjer det til eit naturleg skilje.

Om det står ein bustad der eller ei, vil ha svært liten betydning.

Att det allereie er eit hus i nærleiken gjer att VA problematikken vert lettare.

Bøvågen 03.03.2016



Helge Rikstad